

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 14/5094-3

## Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12 småkraftverk i kommunane Askvoll, Førde og Naustdal. «Sunnfjordpakken»

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen meiner landskapsrommet i området Førdefjorden og Dalsfjorden er stort, og at brorparten av dei 12 nye prosjekta ikkje vil påverke hovudinntrykket av fjord- og fjell-landskapet. For dei fleste prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere små eller moderate. For nokre få av prosjekta er dei negative konsekvensane så store at fylkeskommunen vil rå ifrå utbygging. Dette gjeld Fossevika i Askvoll og Marka i Førde. Dei negative konsekvensane av desse prosjekta vil først og fremst merkast lokalt, men også for eit større område når det gjeld landskap og brukarinteresser. Fylkeskommunen har mindre merknader til fleire av dei andre søknadene.
2. Torvik kraftverk, Førde. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Tiltaket i øvre deler vil bety små ulemper for landskap, brukarinteresser og kulturminne, men den nedste fossen ved fjorden bør skjermast for utbygging. Det er foreslått viktige avbøtande tiltak, men om det skal gjevast løyve, bør slepp av minstevassføring frå inntaket aukast ytterlegare, til om lag 200 liter/sek. Torvik og Ervikselva er konkurrerande prosjekt. Ved val mellom desse må landskapsverdien til den nedste fossen ved fjorden bli tillagt stor vekt.
3. Ervikselva kraftverk, Førde. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at minstevassføringa om sommaren vert auka til 200 liter/sek. Torvik og Ervikselva er konkurrerande prosjekt. Ved val mellom desse må landskapsverdien til den nedste fossen ved fjorden bli tillagt stor vekt.
4. Hellevang kraftverk, Førde. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at røyrgate og tilkomstveg vert lagt slik at kulturminne og kulturmiljø ikkje vert skada eller øydelagde. Det bør vurderast å plassere kraftstasjonen lengre frå fylkesvegen.
5. Marka kraftverk, Førde. Fordelane ved dette prosjektet er vurdert til å vere mindre ein ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Planlagde inngrep ved bygging av inntak høgt til fjells, boring av vassveg i fjell og redusert vassføring for fleire fossar kan ikkje forsvarast i høve til landskap og brukarinteresser. Eit redusert prosjekt med inntak t.d. ved Rimmavatnet kan bli vurdert annleis. I søknaden er det lagt til grunn ei relativt låg minstevassføring. I eit ev. redusert prosjekt, må det sleppast meir minstevassføring m.a. av omsyn til Markafossen som eit viktig landskapselement.
6. Vassbrekka kraftverk, Førde. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Av omsyn til landskap, brukarinteresser og kulturminne må vassføringa om sommaren aukast, helst opp mot 5-persentilen, 906 liter/sek.
7. Anga kraftverk, Førde. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Fylkeskommunen meiner likevel at utbyggingsstrekninga med fleire fossar og ei sentral plassering i høve til busetnad og turområde, må ha ei større minstevassføring om sommaren enn det som er omsøkt. Det må setjast krav om 5-persentil sommar, dvs. 1,7 m<sup>3</sup>/sek.

8. Støselva kraftverk, Førde. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.
9. Hundsåna kraftverk, Askvoll og Førde. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.
10. Bakkeelva kraftverk, Askvoll. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. I konsesjonsvilkåra må det setjast krav om at kulturminna og kulturmiljøet ved Trollefossen skal sikrast og takast vare på, utan inngrep i samband med utbygging. Dette omfattar også dam og andre installasjonar i tilknytning til elva. Fylkeskommunen ser dette som føresetnad for positiv tilråding om løyve.
11. Fossevika kraftverk, Askvoll. Fordelane ved dette prosjektet er vurdert til å vere mindre ein ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er her lagt avgjerande vekt på at redusert vassføring i Fossedalselva med to flotte fossar vil bety store ulemper i forhold til landskap og brukarinteresser. Den særmerkte Fossedalsfossen og elva utgjer ein viktig del i samband med garden og det eldre tunmiljøet i Nedre Fossdal. Vikafossen er eit svært viktig landskapselement i fjordlandskapet.
12. Rørvika kraftverk, Askvoll. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Av omsyn til landskap og brukarinteresser må minstevassføringa om sommaren aukast til minst 5-persentil, 112 liter/sek. Det må leggst vekt på støydemping ved kraftstasjonen, av omsyn til busetnaden rundt og at støy ikkje får bre seg ut over fjorden.
13. Øvre Redal kraftverk, Naustdal. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Terrenget opp Stølsbakken aust for Støselva er svært bratt og anleggsvegen må gå i slyng for å vinne høgde. Rørgata skal gå parallelt med elva. Dette betyr store anleggsinngrep. Her må det takast omsyn til den gamle stølsvegen med murar og bru-kar.

Saksutgreiing for kvar enkelt søknad ligg under eigne a-saker:

- 14/5094 nr. 4: Saksutgreiing for Torvik kraftverk i Førde kommune
- 14/5094 nr. 5: Saksutgreiing for Ervikselva kraftverk i Førde kommune
- 14/5094 nr. 6: Saksutgreiing for Hellevang kraftverk i Førde kommune
- 14/5094 nr. 7: Saksutgreiing for Marka kraftverk i Førde kommune
- 14/5094 nr. 8: Saksutgreiing for Vassbrekka kraftverk i Førde kommune
- 14/5094 nr. 9: Saksutgreiing for Anga Kraftverk i Førde kommune
- 14/5094 nr. 10: Saksutgreiing for Støselva kraftverk i Førde kommune
- 14/5094 nr. 11: Saksutgreiing for Hundsåna kraftverk i Askvoll og Førde kommunar
- 14/5094 nr. 12: Saksutgreiing for Bakkelva kraftverk i Askvoll kommune
- 14/5094 nr. 13: Saksutgreiing for Fossevika kraftverk i Askvoll kommune
- 14/5094 nr. 14: Saksutgreiing for Rørvika kraftverk i Askvoll kommune
- 14/5094 nr. 15: Saksutgreiing for Øvre Redal kraftverk i Naustdal kommune

Vedlegg:

1. Brev frå NVE 19.11.2014.
2. Uttale frå Askvoll kommune, kommunestyret 28.01.2015, sak 09/15.
3. Uttale frå Førde kommune, formannskapet 12.02.2015, sak 09/15.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Konsesjonssøknader for 12 småkraftverk (Torvik, Ervikselva, Hellevang, Marka, Vassbrekka, Anga, Støselva, Hundsåna, Bakkelva, Fossevika, Rørvika og Øvre Redal kraftverk).


## 1. Kort omtale av dei 12 prosjekta det er søkt om løyve til

Frå NVE har fylkeskommunen fått til uttale søknader frå fleire søkjarar om å bygge 12 småkraftverk i kommunane Askvoll (4), Førde (7) og Naustdal (1). NVE ønskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla. Frist for uttale er sett til 27.02.2015. I eigne vedlegg ligg uttale frå kommunane med unntak av Naustdal, der vi ikkje har motteke uttale som gjeld Øvre Redal kraftverk.

Saksutgreiing for kvar einskild søknad ligg ved.

Torvik kraftverk i Førde kommune. Søkjar: Torvik Kraft AS

Kraftverket vil nytte eit fall på 125 meter i Ervikselva med inntak på kote 125 og kraftstasjon ved fjorden. 830 meter vassveg er planlagt med profilboring i øvre del og nedgravd rørgate i nedre del. 300 meter anleggsveg langs rørgata. Det skal ikkje byggast nye permanente vegar. Middelvassføringa er 1,86 m<sup>3</sup>/sek og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,5 m<sup>3</sup>/sek, dvs.188 %. Planlagt installert effekt er 3,6 MW og berekna produksjon vert 11,9 GWh. Planlagt minstevassføring: 108 l/s sommar og 80 l/s vinter. Utbyggingsprisen er berekna til 2,93 kr/kWh. Torvik kraftverk og Ervikselva kraftverk er konkurrerande prosjekt.



«Sunnfjordpakken» og andre kraftverk/prosjekt i området (kart utarbeidd av NVE).

Dei 12 prosjekta i «Sunnfjordpakken»: Grøne firkantar med raud prikk. Andre søknader: Grøne firkantar. Konesjonsfrie: Gule firkantar. Prosjekt som har fått konsesjon: Røde firkantar med svart prikk. Utbygde kraftverk: Røde firkantar.

Ervikselva kraftverk i Førde kommune. Søkjar: NK Småkraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 178,5 m i Ervikselva med inntak ved utløpet til Øygardsvatnet, kote 198,5 og kraftstasjon, kote 20. Vatnet er planlagt regulert ein meter, med HRV på kote 198,5 og LRV på kote 197,5. Alternativ utbyggingsløyving er utan regulering. 2,2 km vassveg er planlagt som kombinert borehol og nedgravd rørgate. 700 meter anleggsveg langs rørgata. 150 meter permanent tilkomstveg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 1,7 m<sup>3</sup>/sek og planlagt maksimal slukeevne på 3,7 m<sup>3</sup>/s, dvs. 217%. Installert effekt vil bli 5,49 MW og venta produksjon 16,6 GWh med regulering, og 15,5 GWh utan regulering av Øygardsvatnet. Planlagt minstevassføring er 100

l/s sommar og 80 l/s vinter. Utbyggingsprisen er berekna til 3,13 og 3,45 kr/kWh. Ervikselva kraftverk og Torvik kraftverk er konkurrerende prosjekt.

Hellevang kraftverk i Førde kommune. Søkjar: Norges Småkraftverk AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 103 meter i Hellevangselva med inntak på kote 129 og kraftstasjon på kote 26. 800 meter vassveg er planlagt nedgravd/sprengt delvis i og langs eksisterande traktor-/kjerreveg. Nødvendig anleggsveg skal gjerast om til køyresterkt terreng. Tilkomst til kraftstasjonsområdet frå fylkesveg 609. Middelvassføringa i elva er 1,14 m<sup>3</sup>/sek og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2,4 m<sup>3</sup>/sek, dvs. 210%. Installert effekt vil bli 2,0 MW og venta produksjon 6,7 GWh. Planlagt minstevassføring: 85 l/sek sommar og 45 l/s vinter. Utbyggingsprisen er berekna til 4,98 kr/kWh.

Marka kraftverk, Førde kommune. (Inntaket ligg i Gaular) Søkjar: Norges Småkraftverk AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 470 meter i Lysaelva/Markafossen med inntak på kote 708 og kraftstasjon på kote 238. 1376 meter vassveg er planlagt med profilboring. 36 meter nedgravd rørgate mellom kraftstasjonen og tunnelpåhogget. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt 350 m ny permanent veg. Det skal ikkje byggast veg til inntaket. Middelvassføringa er 460 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 890 l/s, dvs. 193 %. Installert effekt vil bli 3,5 MW og venta produksjon på 12,3 GWh. Det vil bli redusert vassføring langs ei 2,5 km lang elvestrekning i Lysaelva med Markafossen. Planlagt minstevassføring er 25 l/s heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 4,57 kr/kWh.

Vassbrekka kraftverk i Førde kommune. Søkjar: Vassbrekka Kraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 162 meter med inntak på kote 392 i Stoelva og kote 392 i Anga, med kraftstasjon på kote 230. 2,8 km vassveg er planlagt nedgravd/nedsprengd. For tilkomst til inntaket i Anga er det planlagt bygging av 200 m veg. Middelvassføringa er 2,5 m<sup>3</sup>/sek og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,75 m<sup>3</sup>/s, dvs. 150 %. Installert effekt vil bli 5 MW og venta produksjon 20,5 GWh. Det vil bli redusert vassføring på ei 2,5 km lang elvestrekning i Anga, og 300 m lang elvestrekning i Stoelva. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 150 l/s om sommaren og 110 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 2,80 kr/kWh.

Anga kraftverk i Førde kommune. Søkjar: Anga kraft SUS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 56 meter i Anga med inntak på kote 79 og kraftstasjon på kote 23. 1,1 km vassveg er planlagt som nedgravd/nedsprengt rørgate. Det må byggast 50 meter ny veg til inntaket og eksisterande veg til kraftstasjonsområdet må oppgraderast. Middelvassføringa er 8,1 m<sup>3</sup>/sek og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 12,50 m<sup>3</sup>/sek, dvs. 154 %. Installert effekt vil bli 5 MW og venta kraftproduksjon 19 GWh. Planlagt minstevassføring er 900 l/s heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,61 kr/kWh.

Stølselva kraftverk i Førde kommune. Søkjar: Stølselva Kraft SUS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 310 meter i Stølselva med inntak på kote 445 og kraftstasjon på kote 135. Det vil bli redusert vassføring over ei 1,4 km lang elvestrekning. Vassvegen er planlagt nedgravd/nedsprengt. Det må byggast 40 meter ny veg fram til inntaket og 200 m ny veg til kraftstasjonen. Noverande traktorveg må rustast opp. Middelvassføringa er 450 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 850 l/s, dvs. 188%. Installert effekt vil bli 2,2 MW og venta produksjon 6 GWh. Planlagt minstevassføring er 20 l/s heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,85 kr/kWh.

Hundsåna kraftverk i Askvoll og Førde kommunar. Søkjar: Nordkraft Vind og Småkraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 277,5 m i Hundsåna med inntak på kote 282,5 og kraftstasjon i fjell på kote 5. Hestvikvatnet er planlagt regulert 0,5 meter mellom LRV kote 282 og HRV kote 282,5. Det er planlagt 370 meter vassveg i fjell. Tunnelmasser er planlagt deponert på landbruksareal i Hestvika vest for elva sitt utløp i fjorden. Det vil bli tilkomst til kraftstasjonen frå fylkesveg 609. Middelvassføringa er 0,565 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,7 m<sup>3</sup>/s, dvs. 300%. Installert effekt vil bli 4,1 MW og venta kraftproduksjon er 9,9 GWh. Det vil bli redusert vassføring over ei 1,5 km lang elvestrekning med Hundsånafossen. Planlagt minstevassføring er 20 l/sek heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 4,9 kr/kWh.

Bakkeelva kraftverk i Askvoll kommune. Søkjar: Trollekraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 222 m i Bakkeelva med inntak på kote 253,5 og kraftstasjon på kote 31,5. Det er planlagt 1,5 km vassveg nedgravd/nedsprengd langs austsida til elva. Det er planlagt permanent veg til inntaket ved å ruste opp eksisterande skogsveg og å bygge 550 m ny veg. Middelvassføringa er 0,73 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,4 m<sup>3</sup>/s, dvs. 191%. Installert effekt vil bli 2,5 MW og venta kraftproduksjon 8 GWh. Planlagt minstevassføring er 28 l/s heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,38 kr/kWh.

Fossevika småkraftverk i Askvoll kommune. Søkjar: Småkraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 221 meter i Fossedalselva med inntak på kote 225 og kraftstasjon på kote 4. 1120 meter vassveg er planlagt som sjakt/tunnel. Siste 120 meter som nedgravd rørgate. Massar frå tunnel er planlagt nytta til molo og kai ved kraftstasjonen. Overskotsmassar er planlagt dumpa i fjorden. Det er ikkje planlagt permanente vegar og inntaket skal byggast med helikopter. Middelvassføringa er 1,73 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2,94 m<sup>3</sup>/s, dvs. 169 %. Installert effekt vil bli 5,76 MW og venta produksjon 18,6 GWh. Det vil bli redusert vassføring over ei 1,5 km lang elvestrekning med Vikafossen og Fossedalsfossen. Planlagt minstevassføring er 400 l/s for sommarperioden og 120 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 2,95 kr/kWh.

Rørvika kraftverk i Askvoll kommune. Søkjar: Rørvika Kraftverk SUS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 227 meter med inntak på kote 230 i Storelva og Stølselva, samt kraftstasjon på kote 3. 1250 meter vassveg på er planlagt nedgravd/nedsprengd. Ein liten bekk skal overførast til inntaket i Stølselva. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt opprusting av 220 m eksisterande veg. Det er planlagt permanente vegar til begge inntaka med samla lengde 1300 m. Middelvassføringa er 560 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1000 l/s, dvs. 178%. Installert effekt vil bli 1,93 MW og venta kraftproduksjon 6,2 GWh. Planlagt minstevassføring 65 l/s frå inntaket i Storelva og 35 l/s frå inntaket i Stølselva om sommaren og tilsvarende 20 l/s og 10 l/sek resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,69 kr/kWh.

Øvre Redal kraftverk i Naustdal kommune. Søkjar Øvre Redal Kraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 420 m i Leiteelva med inntak på kote 480 og kraftstasjon på kote 60. Det er søkt om å overføre vatn frå Stølselva til Leiteelva. Overføringa er planlagt som ein kombinasjon av rørgate på 300 m og ein frittrennande bekk. Vassvegen på 1350 meter er planlagt nedgravd/nedsprengt. Det er planlagt 1,5 km ny veg til inntaket. Middelvassføringa er 276 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 500 l/s, dvs. 181%. Planlagt installert effekt er 1,7 MW og venta kraftproduksjon 5,5 GWh. Det vil bli redusert vassføring over ei 1,6 km lang strekning i Leiteelva og 300 m i Stølselva. Planlagt minstevassføring er 20 l/s frå inntaket i Leiteelva og 6 l/s frå inntaket i Stølselva, heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,45 kr/kWh.

## 2. Bakgrunn for saka

Samla plan for vassdrag

Stortinget vedtok i 2005 at vasskraftprosjekt med ein planlagt installasjon opp til 10 MW eller med ein årsproduksjon opp til 50 GWh er fritekne for vurdering i Samla plan. Dei 12 prosjekta i «Sunnfjordpakken» er alle mindre enn dette, men nokre av prosjekta er vurdert i Samla plan tidlegare.

Torvik kraftverk, sitat s. 24-25 i søknaden.

Ervikselva er med i Samla Plan for vassdrag (St.meld. nr 53, 1986-87). Her er elva plassert i kategori II og omhandlar ei større utbygging av vassdraget med 3 meter regulering av Karstadvatnet. Kategori II anlegg i Samla plan er konfliktfylte og såleis kan ikkje takast til behandling utan nærare avklaring.

I SP-rapporten er dei negative konsekvensane sett opp slik:

- Middels negative: Friluftsliv, fisk, jord- og skogbruk.

- Små negative: naturvern, vilt, forureining og kulturminnevern

Konfliktane knytt til det omtala anlegget i Samla plan er mykje knytt til dei øvre delane av tiltaksområdet: Oppdemming av Karstadvatnet vil kunne endre isforholda og grunnvatnet for tiliggande område. I tillegg vil eit inntak verte synleg frå fylkesvegen. Tørrlegging av ei lang elvestrekning frå vatnet til fjorden er teke med som eit viktig konfliktområde. Torvik Kraft AS tek omsyn til dei vurderingar som Samla plan har lagt til grunn. Denne konsesjonssøknaden omhandlar ikkje dei konfliktane som Samla Plan beskriv, men er ei skånsam utbygging av nedre del av elva. Anlegget planlegg slepp av monaleg minstevassføring for å kunne ta i vare dei kvalitetar som vassdraget har innanfor tiltaksområdet. Samla sett er Torvik Kraft eit lite konfliktfylt tiltak og er ikkje i strid med vurderingane i Samla Plan.

Ervikselva kraftverk, sitat s. 21 i søknaden.

Ervikselva er behandlet i Samlet plan for vassdrag (St. meld. nr. 53, 1986-87), og er blitt plassert i kategori II. Prosjektet er trolig satt i kategori II fordi det ble vurdert å være en kostbar utbygging (kostnadsklasse III). Prosjektet i Samlet plan er tilsvarende det som det søkes om her, men har noe lavere installasjon (3 MW) og produksjon (14 GWh). Prosjektet omfatter dessutan 3 meter regulering av Karstadvatn (197,5-200,5 moh).

Vassbrekka kraftverk, Førde, sitat s. 21 i søknaden.

Angedalselva er tidligare (1984) handsama i Samla Plan for vassdrag i Sogn og Fjordane; 346 - Jølstra. I Samla Plan vert det skissert tre alternativ for å nytte vatnet i Angedalselva (Botnavatnet I-II-III): Alternativ 1 galdt overføring av Botnavatnet til Nausta. Nausta er i dag varig verna.

Alternativ 2 var tenkt å nytte fallet mellom Botnavatnet og Jølstravatnet, med regulering av Botnavatnet og overføring av Svidalselva til tillaupstunnelen mot Jølstravatnet. Alternativ 3 var tenkt som eit småkraftverk som skulle nytte eit fall på 100 m i Angedalselva med overføring av sideelvar og 3 m regulering av Botnavatnet. Kraftstasjonen var tenkt lokalisert ved støylen Øyane.

Fossevika kraftverk, Askvoll., sitat s. 16-17 i søknaden.

Fossdalsvassdraget er en del av et større prosjekt behandlet i SP-rapport nr. 36 – Skorvenvassdraget (Leknesvatn, Fossdal og Krokavatn) fra 2001 der det ble vurdert to utbyggingsalternativ. Begge alternativene ble plassert i kategori II pga. sterk lokal motstand og til dels store negative konsekvenser. Skorvenvassdraget er tidligere utbygd med kraftverkene Øvre og Nedre Markavatn, som utnytter fallstrekningen fra Markavatn til Førdefjorden.

I 2000 ble det utarbeidet utbyggingsplaner for Skorvenvassdraget og Fossdalsvassdraget for behandling i Samlet plan. Planene omfattet tre alternativer, A, B og C, hvor Fossdalsvassdraget er inkludert i alternativ B og C. I 2001 ble planene presentert i en vassdragsrapport som ble sendt på høring samme år. I Fylkesmannen sin innstilling ble samtlige alternativ foreslått plassert i kategori I. I vedtak om endelig plassering, datert 11.06. 2001, er alternativ A plassert i kategori I. Alternativ B og C er plassert i kategori II (gr. 7).

I DN og NVE sin vurdering for endelig plassering, er sterk lokal motstand og dels store negative konsekvenser de viktigste begrunnelsene for å flytte alt. B og C fra kat. I til kat. II.

I 2004 søkte Småkraft AS NVE om å få flytte en alternativ løsning til kategori I, alternativt fritak fra en behandling i Samlet plan. Av de alternativene som ble behandlet i Samlet plan var det alternativ B som lignet mest på omsøkt prosjekt (Fossevika kraftverk). Alternativ B innebar bl.a. inngrep i fjellområdene med vegbygging, overføringer av to nabovassdrag med kanaliseringer, og regulering av to vann. De største endringene i forhold til Samla plan alt. B var at overføringen fra Rivedalsvassdraget (der det i dag er utbygd et elvekraftverk) og regulering av Fossdalsvatn og Krokavatn utgikk. På bakgrunn av en teknisk/økonomisk vurdering mente NVE at det omsøkte prosjektet kunne plasseres i kat. I slik at det kunne konsesjonsbehandles. Søknadene ble oversendt for videre avklaring i Samlet plan om konfliktnivået var redusert og mindre lokal motstand før NVE i samråd med DN skulle fatte endelig vedtak.

Før endelig avklaring i NVE/DN vedtok Stortinget i mellomtiden den 18.01. 2005 å heve grensen for behandling i samlet plan til 10 MW installert effekt/årsproduksjon på 50 GWh. Det ble dermed gitt anledning til å søke om konsesjon for en utbygging i Fossdalen. På grunn av lokal motstand mot prosjektet den gangen, la Småkraft AS videre arbeid med prosjektet på vent. Småkraft AS har i forhold til alternativene i Samla Plan-prosjektet fra 2001 tatt kontakt med SFE vedrørende prosjektene i SP-rapport nr. 36 for å avdekke mulige konflikter i forhold til en utbygging av Fossevika kraftverk. Fra SFE blir det opplyst at de i 2005 søkte fritak for Leknesvatn kraftverk i Askvoll kommune som tilsvarer alternativ A i SP-prosjektet og fikk konsesjon her i 2012. I tillegg er det gitt konsesjon i 2003 for et småkraftverk i Rivedalselva som var en del av alternativ B og som er i drift i dag. SFE har ingen rettigheter i Fossdalsvassdraget eller videre planer i området som vil være i konflikt med Fossevika kraftverk.

Rørvika kraftverk, Askvoll.

Øvre deler av Storelva er vurdert før med tanke på overføring av Nipevatnet og Tobbedalsvatnet til Blåvatnet og vidare til Bjørnastigsvatnet/Skorvenvassdraget. Det er også vurdert overføring i samband med eit prosjekt der Krokavatnet var tenkt regulert.

### Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Delområda Dalsfjorden og Jølstra

Den regionale planen vart vedteken i fylkestinget i 2012. Det er vedteke retningslinjer for ulike arealinteresser, m.a. for landskap og friluftsliv. Til arealinteressene er det gitt prioritet etter ein tredelt skala, dvs. prioritet 1-3:

#### **1. prioritet:**

Interesser av eineståande verdi. Inngrep som vil innebære bortfall eller vesentleg reduksjon i slike arealinteresser, skal unngåast. "Føre-var-prinsippet" skal leggest til grunn.

#### **2. prioritet:**

Interesser av svært stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere stor verdiskaping og/eller at verdien til aktuelle arealinteresser kan oppretthaldast etter utbygging.

#### **3. prioritet:**

Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konflikter i høve til aktuelle arealinteresser.

I planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket: Fjordar og innsjøar større enn 7 km<sup>2</sup>. Fjordlandskapet dekker heilt eller delvis aktuelle utbyggingsområde (9 søknader) i delområde Dalsfjorden. Aktuelle utbyggingsområde (3 søknader) i delområde Jølstra ligg ikkje i fjordlandskap. I planen er det ikkje gitt retningslinjer for fjordlandskap åleine.

I delområde Dalsfjorden som også dekker ytre deler av Førdefjorden, er det markert 12 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. Fossedalsfossen og Vikafossen ved Dalsfjorden som vil bli påverka av Fossevika kraftverk, er mellom desse. Dette gjeld også Hundsånafossen ved Førdefjorden (Hundsåna kraftverk). Vikafossen og Hundsånafossen ligg i

fjordlandskap og får i tråd med retningslinene 2. prioritet. Fossedalsfossen som ligg utanfor fjordlandskap, får 3. prioritet.


Trollefossen i Holmedal ligg i utkanten av fjordlandskapet, inntaket ligg utanfor fjordlandskap. Trollefossen er ikkje markert som viktig landskapselement. Tiltaksområdet for Rørvika kraftverk ligg i fjordlandskap, men elvane er ikkje markerte som viktige landskapselement i fosselista.

Øvre delen av Marka kraftverk med Markafossen oppe i fjellet sør for Solheimsdalen ligg i regionalt viktig friluftsområde som har få eller ingen menneskelege inngrep. 2. prioritet vil gjelde her.

I delområde Jølstra er det markert 20 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. Kvamsfossen som ligg i tiltaksområdet til Anga kraftverk, er mellom desse. Denne fossen ligg ikkje i fjordlandskap og får 3. prioritet.

#### Fylkesdelplan for arealbruk (år 2000)


Friluftsområde med nasjonal og regional verdi er markert i denne planen. Fossedalselva med Fossedalsfossen og Vikafossen der Fossevika kraftverk er planlagt, ligg i friluftsområde med regional verdi, nr. 50 Blægja. I tråd med fylkeskommunen sin regionale plan skal regionale friluftsområde med få eller ingen menneskelege inngrep ha prioritet 2. Kraftlinjene som går gjennom området gjer likevel at denne retningslinja ikkje vil gjelde. Inntaket til Marka kraftverk ligg innafør det same området. Her vil retningslinja som nemnt gjelde. Dvs. prioritet 2.



Regionalt viktige friluftsområde er vist med grøn skravur. Område nr. 50, Blægja midt i bildet.

#### Naustdal – Gjengedal Landskapsvernområde (LVO, oppretta i 2009)

Del av landskapsvernområdet er vist med raud skravur øvst til høgre på kartet under. Dei to inntaka til Vassbrekka kraftverk ligg nær grensa til Naustdal- Gjengedal LVO. Kartet viser også friluftsområde med nasjonal og regional verdi i indre deler av tiltaksområdet: Grøn skravur.



### Vassforskrifta

Dei tre utbyggingskommunane ligg i vassområde Sunnfjord i vassregion Sogn og Fjordane. Forvaltningsplan for vassregionen er lagt ut på høyring til 31.03.2015. Gjennomføring av forvaltningsplanen skal skje i perioden 2016 – 2021.

I søknaden for Vassbrekka kraftverk er det sagt at Angedalselva har karakteristikken «moderat økologisk tilstand» på grunn av avrenning frå landbruket.



Frå fylkesatlas, Verneplan for vassdrag: Nausta, Storelva med Laukelandsfossen og Gaularvassdraget.

### Nasjonale laksefjordar

Førdefjorden og indre del av Dalsfjorden er registrert som nasjonale laksefjordar.



### **3. Søkjarane sine vurderingar av samla verknadar/sumverknader**

I alle dei 12 søknadene er det vurdert moglege sumverknader av kvar enkelt utbygging sett i høve til kraftverk som er utbygde, kraftverk som har fått konsesjon og nye prosjekt det er søkt om i området. Desse vurderingane er omtalt/sitert i saksutgreiingane til dei 12 prosjekta som følgjer saka. Ingen av søkjarane har konkludert slik at det aktuelle prosjektet eller andre det er søkt om, bør leggast til bort på grunn av sumverknader.

### **4. Andre sitt syn på dei 12 søknadene**

#### Askvoll kommune, kommunestyret, 28.01.2015, sak 09/15:

##### 1. Hundsåna kraftverk

Askvoll kommune er positiv til at Hundsåna kraftverk vert bygd ut. Det må takast omsyn til framtidig vegtunell forbi området.

##### 2. Rørvika kraftverk

Kommunen er positiv til utbygging av Rørvika kraftverk, men meiner ein bør prøve å finne tekniske løysingar som gir mindre inngrep i naturen. Minstevassføring i Stølselva bør aukast ihht. søknaden for å sikre gyteforholda for sjøaure.

##### 3. Bakkeelva kraftverk

Kommunen er positiv til utbygging av Bakkeelva kraftverk.

##### 4. Fossevika kraftverk

Askvoll kommune går i mot at Fossevika kraftverk vert bygd ut. Området har stor friluftsverdi lokalt og regionalt, i tillegg til viktige kulturminne- og kulturlandskapsverdiar.

#### Førde kommune, formannskapet 12.02.2015, sak 09/15.

Førde kommune rår til at dei merknader som går fram av rådmannen si saksutgreiing, datert 3.2.15 vert lagt til grunn i NVE si handsaming med desse korrigeringane::

1. Setninga «Rådmannen tilrår alternativ 2», side 12 i saksutgreiinga vert stroken

2. Førde kommune er svært positiv til utbygging av småkraftverk i kommunen.

Førde kommune rår til at det vert gitt konsesjon for desse kraftverka:

Vassbrekka kraftverk

Anga kraftverk

Stølselva kraftverk

Hellevang kraftverk

Marka kraftverk

Ervikselva kraftverk

Hundsåna kraftverk

#### Naustdal kommune.

Naustdal kommune har meldt frå om at dei er forsenka i si sakshandsaming av Øvre Redal kraftverk. Kommunen vil truleg be om utsett frist. Saksutgreiing vil truleg vere klar til FU-møtet 25.02.2015.

### **5. Vurderingar og konklusjonar i saksutgreiingane for dei 12 prosjekta**

Fylkesrådmannen har vurdert dei 12 prosjekta kvar for seg, jf. dokument 4-15 som følgjer saka.

#### Torvik kraftverk

Fylkesrådmannen meiner at tiltaket i øvre deler vil bety små ulemper for landskap, brukarinteresser og kulturminne, men meiner at den nedste fossen ved fjorden bør skjermast for utbygging. Det er foreslått viktige avbøtande tiltak, men om det skal gjevast løyve, bør slepp av minstevassføringa frå inntaket aukast ytterlegare, til om lag 200 liter/sek.

#### Ervikselva kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket samla sett vil innebere moderate ulemper i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne. Søkjaren foreslår ei minstevassføring på 100 ev. 110 liter/sek. Av omsyn til landskap og brukarinteresser meiner fylkesrådmannen at dette er for lite, og ønskjer at minstevassføringa om sommaren vert auka til 200 liter/sek. Med dette som føresetnad vil fylkesrådmannen rå til utbygging i tråd med alternativ 1.

#### Hellevang kraftverk

Fylkesrådmannen meiner at tiltaket vil bety moderate konflikhtar i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt løyve til utbygging. Det er ein føresetnad at røyrgate og tilkomstveg vert lagt slik at kulturminne og kulturmiljø ikkje vert skada eller øydelagde. Det bør vurderast å plassere kraftstasjonen lenger frå fylkesvegen.

#### Marka kraftverk

Fylkesrådmannen meiner at aktuelle inngrep ved bygging av inntak, boring av vassveg i fjell og redusert vassføring for fossane ovanfor Rimmavatnet, ikkje kan forsvarast i høve til landskap og brukarinteresser, og vil rå i frå at det vert gitt løyve til utbygging. Eit redusert prosjekt med inntak t.d. ved Rimmavatnet kan bli vurdert annleis. I søknaden er det lagt til grunn ei relativt låg minstevassføring. Fylkesrådmannen legg til grunn at det i eit ev. redusert prosjekt, vert lagt opp til ei større minstevassføring m.a. av omsyn til Markafossen som eit viktig landskapselement.

#### Vassbrekka kraftverk

Angedalen er ein av fleire innfallsportar til Naustdal- Gjengedal landskapsvernområde, og tiltaksområdet er mykje brukt i friluftssamheng. Elva er eit viktig landskapselement og redusert vassføring vil difor ha negativ verknad. Dei største ulempene for Øyastølen og Indrebøstølen er bortføring av vatn, som i dag er ein vesentleg del av stølsmiljøet. Tilsiget frå restfeltet mellom inntaka og kraftstasjonen og slepping av minstevassføring vil redusere negative verknader, men ikkje nok. Minstevassføringa om sommaren bør difor aukast opp mot 5-persentilen, 906 liter/sek. Gitt ein slik føresetnad, meiner fylkesrådmannen at tiltaket vil bety moderate konflikhtar i høve til landskap, kulturminne og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt konsesjon.

#### Anga kraftverk

Fylkesrådmannen meiner at utbyggingsstrekninga med fleire fossar og ei sentral plassering i høve til busetnad og turområde, må ha ei større minstevassføring om sommaren enn det som er lagt til grunn i søknaden. Det må settast krav om 5-persentil sommar, 1,7 m<sup>3</sup>/sek. Utover dette meiner fylkesrådmannen at tiltaket vil bety moderate negative konsekvensar i høve til landskap, kulturminne og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt konsesjon.

#### Stølselva kraftverk

Fylkesrådmannen meiner at tiltaket vil bety små konflikhtar i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt konsesjon.

#### Hundsåna kraftverk

Hundsåna-prosjektet er ikkje spesielt godt sett ut frå ein økonomisk synsstad, men det har ein viktig tilleggsfunksjon ved at ferdsel langs fylkesvegen vil bli tryggare etter utbygging. Fylkesrådmannen meiner at interessene knytt til fossen som landskapselementet, må vike til fordel for interessene knytt til tryggare ferdsel langs fylkesvegen. Fylkesrådmannen vil difor rå til at det vert gitt løyve til utbygging.

#### Bakkeelva kraftverk

Forslaget om å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring/ 5-persentil vinter, er vurdert til å vere tilfredsstillande. Dette er m.a. sett i samheng med vassføringa frå Brekkeleva og sidebekkar som i middel vil gje ei vassføring i Bakkeelva på 522 liter/sek like oppstrøms den planlagde kraftstasjonen. I konsesjonsvilkåra må det settast krav om at kulturminna og kulturmiljøet ved Trollefossen skal sikrast og takast vare på, utan inngrep i samband med utbygging. Dette omfattar også dam og andre installasjonar i tilknytning til elva. Fylkesrådmannen ser dette som føresetnad for positiv tilråding om løyve. Utover kulturminnemiljøet ved Trollefossen, konkluderer fylkesrådmannen med at tiltaket vil bety små konflikhtar i høve til landskap, friluftsliv og kulturminne.

#### Fossevika kraftverk

Tiltaket det er søkt om, er eit godt prosjekt sett frå ein økonomisk synsstad, og når det meste av vassvegen vert lagt i fjell, vil det bli moderate ulemper knytt til tekniske anlegg. Redusert vassføring i Fossedalselva med to flotte fossar vil derimot bety svært store ulemper i forhold til landskap, brukarinteresser, friluftsliv og opplevingsverdiar. Den særmerkte Fossedalsfossen og elva utgjer ein viktig del i samband med garden og det eldre tunmiljøet i Nedre Fossdal. Vikafossen er eit svært viktig landskapselement i fjordlandskap. Laukelandsfossen som er verna mot vasskraftutbygging, er sjølvsaget endå viktigare, og til saman utgjer dei to fossane eit landskapsbilde som

er unikt langs fjordane i fylket. Fylkesrådmannen meiner at dette landskapsbildet må skjermast for utbygging, og vil difor frå at det vert gitt løyve til utbygging.

#### Rørvika kraftverk

Fylkesrådmannen meiner at tiltaket vil innebære moderate konflikter i høve til landskap, friluftsliv og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt konsesjon. Av omsyn til landsskap og brukarinteresser må minstevassføringa om sommaren aukast til minst 5-persentil, dvs. 112 liter/sek. Det må leggest vekt på støydemping ved kraftstasjonen, både av omsyn til busetnaden rundt og slik at støy ikkje får bre seg ut over fjorden.

#### Øvre Redal kraftverk

Terrengtet opp Stølsbakken øst for Stølselva er svært bratt og anleggsvegen må gå i slyng for å vinne høgde. Rørgata skal gå oppover parallelt med elva. Dette betyr store anleggsinngrep. Her må det takast omsyn til den gamle stølsvegen med murar og brukar. Høgare oppe vil inngrepa bli meir moderate. Tiltaka vil bli svært synlege lokalt over mange år før det gror til. For utbyggjarane er anleggsvegen frå kraftstasjonen og opp til inntaket i Leiteleva viktig med tanke på drift av kraftanlegget og forvaltning av utmarksområda. På grunn av lokalisering i eit trongt dalføre vil tiltaket ikkje virke dominerande over eit større område. Fylkesrådmannen konkluderer med at tiltaket vil bety akseptable konflikter i høve til landskap, friluftsliv og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt konsesjon.

## **6. Samla vurdering av verknadar**

#### Kulturminne, landskap og friluftsliv/brukarinteresser

Det er alt bygt ut mange kraftverk i kommunane ved Førdefjorden og Dalsfjorden. I «Sunnfjordpakken» er det lagt fram 12 nye småkraftprosjekt i Askvoll (4), Førde (7) og Naustdal (1). Fylkesrådmannen meiner at landskapsrommet i området er stort, og at dei nye prosjekta ikkje vil påverke hovudintrykket av fjord- og fjellandskapet. For dei fleste prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere moderate. For nokre få av prosjekta er dei negative konsekvensane så store at fylkesrådmannen vil rå ifrå utbygging. Dette gjeld Fossevika i Askvoll og Marka i Førde. Dei negative konsekvensane av desse utbyggingsframlegga vil først og fremst merkast lokalt, men også for eit større område når det gjeld landskap og brukarinteresser. Fylkesrådmannen har mindre merknadar til fleire av dei andre søknadene.

#### Økonomiske tilhøve

Det er opp til den enkelte søkjaren å vurdere framtidig lønsemd knytt til sitt prosjekt. Det er mange faktorar som påverkar resultatet over kraftveret si levetid. Ein indikator på lønsemda i det enkelte prosjektet, er utbyggingsprisen = utbyggingskostnad / årleg middelproduksjon i kr/kWh. Nedanfor er det sett opp ein tabell som viser tal henta frå søknadene. Gjennomsnittleg utbyggingspris for alle sakene som fylkeskommunen hadde til handsaming i 2013 og 2014 var 3,70 kr/kWh.

<b>Kraftverk</b>	<b>Kommune</b>	<b>GWh</b>	<b>Utb. kostnad i mill. kr</b>	<b>Utby. pris i kr/kWh</b>
Torvik	Førde	11,9	34,9	2,93
Ervikselva	Førde	16,6	52,0	3,13
Hellevang	Førde	6,7	33,4	4,98
Marka	Førde	12,3	56,2	4,57
Vassbrekka	Førde	20,54	57,2	2,80
Anga	Førde	19,0	68,5	3,61
Stølselva	Førde	6,0	23,1	3,85
Hundsåna	Askvoll/Førde	9,9	49,0	4,90
Bakkeelva	Askvoll	8	27,0	3,38
Fossevika	Askvoll	18,6	55,0	2,95
Rørvika	Askvoll	6,2	22,5	3,69
Øvre Redal	Naustdal	5,5	19,0	3,45
<b>Sum</b>		<b>141,24</b>	<b>497,0</b>	<b>Gjennomsnitt: 3,68</b>

## **7. Konklusjon**

Det er alt bygt ut mange kraftverk i kommunane ved Førdefjorden og Dalsfjorden. Fylkesrådmannen meiner at landskapsrommet i området er stort, og at dei nye prosjekta ikkje vil påverke hovudinntrykket av fjord- og fjellandskapet. For dei fleste prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere moderate. For nokre få av prosjekta er dei negative konsekvensane så store at fylkesrådmannen vil rå ifrå utbygging. Dette gjeld Fossevika i Askvoll og Marka i Førde. Dei negative konsekvensane av desse utbyggingsframlegga vil først og fremst merkast lokalt, men også for eit større område når det gjeld landskap og brukarinteresser. Fylkesrådmannen har mindre merknader til fleire av dei andre søknadene.

Med erfaring frå politisk handtering av tidlegare saker med mange enkeltprosjekt, har fylkesrådmannen formulert eigne vedtakspunkt for kvart prosjekt.